



Oddmund Soldal og Kjetil Myklebust er svært takksame for støtta til garderobebygget. Her står dei framfor delen som vert ny kiosk.

Det har ei tid vore planar om ny kiosk lokalisert til garderobebygget på Heio. Planane har stått stille på grunn av økonomien, men no ordnar det seg. Nyleg mottok idrettslaget ved Kjetil Myklebust og Oddmund Soldal 50.000,- kroner frå Sparebank1 Stiftinga Kvinnherad under tildelinga på Husnes.

Kjetil Myklebust og Oddmund Soldal fortel at midlane skal brukast til innreiing, få på plass vatn og avløp, og oppgradering at eit rom i garderobebygget. Dermed får den gamle kiosken ved inngangen til idrettsplassen avløysing. Kjetil Myklebust er formann i fotballgruppa og Oddmund Soldal er i denne samanhengen kasserar i hovudlaget. Begge har gjort ein del dugnad under oppgraderinga som har vorte gjort på garderobebygget dei seinare åra. Dei har også planlagt og henta inn prisar på arbeidet med kiosken medan det er Helene Huse Bjørneboe i hovudstyret som har forfatta søknaden til Kvinnheradstiftinga.

Idrettslaget har også fått tildelt 70.000,-kr ved ei tidlegare tildeling frå Sparebank1 Stiftinga Kvinnherad. Dette vart brukt til brønnboring for å sikra vatn til bygget. Dei har også fått 50.000,- kroner frå Marine Harvest. Desse vart også nytta til oppgradering av garderobehuset. I tillegg kjem betydelege bidrag frå idrettslaget sin eigen kasse. Såleis har bygget m.a. fått nytt tak, nye vindaugo og dører og ny bordkledning dei siste åra.

Idrettslaget er svært takksame for at SparebankStiftinga og Marine Harvest har støtta opp med til saman 170.000,- kroner til oppgradeing av garderobebygget.



[Den gamle kiosken får snart avløsning](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.